
Fra: irene myrtveit <irene_myrtveit@hotmail.com>
Sendt: fredag 18. januar 2019 13:48
Til: Postmottak Radøy; Silje Aileen Hjortland Haukedal
Emne: Merknad til høyring kommuneplan, Mangersnes.

Hei.

Viser til tlf.samtale med Silje Haukedal i dag.

Ho ynskjer at me på ny sender inn merknadar angående 2.6 Utbyggingsrekkefølge i Mangersnes (pbl. § 11-9 nr 4).

"Kommunal veg frå Manger sentrum til Mangersnes skal inngå i reguleringsplan for det nye bustadområde på Mangersnes.

Før det vert gjeve løyve til tiltak i det nye bustadområdet på Mangersnes skal hovudvegen vere utbetra. Utbetringa skal omfatte løysing for mjuke trafikantar og trygg skuleveg. Løysing og omfang av utbetringa skal vurderast av kommunen basert på trafikkanalyse både for permanent trafikk og anleggstrafikk".

Me ynskjer herved å påpeike at det finnes ingen kommunal veg frå Manger sentrum til Mangersnes.

Kommunevegen går frå krysset ved Solvang til Mangersnes. Vegen frå Manger sentrum og ned til Manger kai er fylkesveg.

Om utbyggjar kun får krav om utbetring av kommunal veg, vil vegen framleis vera utrygg for mjuke trafikantar langs heile fylkesvegen.

Helsing

Irene og Thomas Lunde